

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F818/F819	Knut Øyjordet	16.02.23	10/23

LEDIG SETER MED DYRKINGSPARSELL – VIDARE PROSESS*Saksdokument:*

1. E-post frå Kristoffer Løkken av 03.01.23 til fjellstyret.
2. Brev frå fjellstyret av 12.01.23 til Kristoffer Løkken.

Saksutgreiing og vurdering:

Kristoffer Løkken har sagt frå seg setra (Lykkjesetra) ved Sandranden, og dyrkingsparsellen ved sida av setra. Dei høyrer til gards- og bruksnummer 103/6. Opplysningar frå Nijos Gardskart viser at setra er på ca. 23 dekar, der ca. 18,5 dekar er dyrka. Parsellen er på totalt ca. 29 dekar, der ca. 26 dekar er dyrka. Både seterkvea og parsellen har vore bortleigd i fleire år. Av bygningsmasse på setra, er det i dag eit fjøs (ca. 65 m²), ein låve (ca. 41 m²), eit uthus (ca. 7,5 m²) og eit anna mindre bygg (ca. 6,5 m²).

For fjellstyret blir det nå å annonsere setra og parsellen på vanleg måte, både ved bruk av heimesida og med hjelp frå kommunen v/landbrukskontoret slik at annonseringa blir godt kjent. Søknadsskjemaet bør utformast slik at dei som er interessert, anten søker på setra med parsell slik det er i dag, eller alternativt å søkje på alt berre som tilleggsjord.

Innstilling til vedtak:

Fordi Kristoffer Løkken har sagt frå seg setra og dyrkingsparsellen ved Sandranden, vil fjellstyret følgje opp dette på vanleg måte etter reglane i seterforskrifta. I fyrste omgang blir det å annonsere desse ledige.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Kristoffer Løkken

Vågåmo, 17.02.23

Knut Øyjordet (e.f)